



Florø, 5.11.2013

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane  
Att.: fylkesordfører Åshild Kjelsnes  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

### **Teknisk fagskule**

Det er positivt at Sogn og Fjordane fylkeskommune har valt å byggje ut teknisk fagskule med avdelingar i Førde og Vågsøy. Tilbodet som for tida blir gitt ved skulen, er relevant i forhold til behovet som finst for kompetanse i privat og offentleg sektor. Det er likevel ønskjeleg at det blir bygt ut eit endå breiare fagtilbod ved skulen.

Teknisk fagskule har gitt eit godt fagleg fotfeste til utdanningssøkjande som seinare er rekrutterte til næringslivet og offentleg sektor. Somme har bygt vidare på dette grunnlaget i si høgare utdanning, andre har gått over i mellomleiar- eller leiarstillingar i bedrifter i ulike bransjar i Sogn og Fjordane.

Ved avdelinga i Vågsøy er det investert mykje for å gi eit fagleg godt og sterkt etterspurt utdanningstilbod innanfor maritime fag. På den måten er avdelinga godt rusta for framtida dersom skuleeigar vel å halde eit tilfredsstillande omfang på tilbodet.

I fleire år har ein drøfta ulike løysingar for å betre vilkåra for avdelinga til teknisk fagskule i Førde. Lokala som no blir brukte, stettar ikkje krava til moderne opplæringsfasilitetar. Det er vel òg mykje av grunnen til at ein over tid har vurdert flytting og plassering i andre lokale. Vi er òg kjende med at den tanken har vore lansert å splitte det fagmiljøet som no eksisterer i Førde. Ei slik løysing vil vi sterkt frårå.

Framtida for avdelinga i Førde er omtalt i fylkesrådmannen si saksframstilling til møtet i finansutvalet 6. d.m. I punkt 3.3 om fagskulen heiter det mellom anna: "Finansutvalet har alt vedteke at det skal gjerast ein gjennomgang av drift og organisering av skulen."

Sunnfjord Næringsråd vil poengtere at det er svært viktig for rekrutteringa til næringslivet og offentleg sektor at opplæringstilbodet ved Fagskulen i Sogn og Fjordane blir halde oppe ved avdelingane i Førde og Vågsøy. I den grad endringar skal skje bør tilbodet styrkjast ved å gi eit meir omfattande utdanningstilbod.

### **Sunnfjord Næringsråd**

Besøksadr.: Magnus Thingnæsgt. 1, 6900 Florø • Postadr.: Postboks 93, 6901 Florø  
Tel: 57 20 31 20 • Mob: 91 62 83 87 • [reidar.sandal@online.no](mailto:reidar.sandal@online.no) • [www.sunnfjordnr.no](http://www.sunnfjordnr.no)

Vi vil understreke at det er behov for ei god og varig løysing for fagskulen si avdeling i Førde og at avklaringa kjem så snart som mogleg.

Med helsing  
Sunnfjord Næringsråd

Siv Merete Stadheim  
styreleiar

Reidar Sandal  
dagleg leiar

Kopi til

- Fylkesrådmannen
- Hovudutval for opplæring
- Fylkesdirektøren for opplæringssektoren

**Sunnfjord Næringsråd**

Besøksadr.: Magnus Thingnæsgt. 1, 6900 Florø • Postadr.: Postboks 93, 6901 Florø  
Tel: 57 20 31 20 • Mob: 91 62 83 87 • [reidar.sandal@online.no](mailto:reidar.sandal@online.no) • [www.sunnfjordnr.no](http://www.sunnfjordnr.no)